

MIDTRE HOLSNØY GRUNNEIGARLAG

Steinberget 5917 Rosslund - Tlf.: 45066764 - e-post: bj-skin@online.no
heimeside: <http://www.grunneigarlaget.moo.no>

KOPI

Sivilombudsmannen

Postboks 3 sentrum
0101 Oslo

Dykkar ref.: Leif E. Johannessen
sak 2010/428
Vår ref.: Bjarte Skintveit

Dato. 06.12.2010

Brot på konsesjon i verna vassdrag – merknad til OED brev av 16. nov. 2010

Det er feil når OED skriv at vassdraget ble inntatt i verneplan for vassdrag i 2006. Frå NVE si heimeside les ein at Rylandsvassdraget kom med i verneplanen ved "Supplering av Verneplan for vassdrag" vedtatt av Stortinget 18. februar 2005. (059/1 Rylandselva)
Smoltanlegget sine tiltak i Rylandselva kom i gang i mai 2005.

OED skriv at grunneigarlaget påklaga utføringa av anlegget til NVE i 2007. Det er feil. Det riktige er at grunneigarlaget påklaga plasseringa av vassleidningen til NVE hausten 2006.
NVE tok ikkje tak i saka før april 2007.

OED skriv at NVE godkjende planane for arbeidet på bakgrunn av hydrauliske målingar. Dette meiner vi er feil. Vi viser her til det vi tidlegare har hevda om at detaljplanar for legging av vassleidningen verken er utarbeidde eller godkjende av NVE slik det er krav om i konsesjonen.

Vi registrer at OED no har endra sine argument. Deira vurdering om at ein nedgraving kunne gje større flaumproblem, bygger på ein føresetnad om at vassleidningen dekkes til med masse utan å **grava den djupare**. Dette støttar våre tankar om at OED kan ha fatta slutningar på bakgrunn av missvisande opplysningar frå NVE, slik vi peika på i vårt brev 03.09.10.
Den løysinga som vil vera i tråd med konsesjonen er at røret må sprengast **djupare ned** og så dekkast over. Det synest som at vassdragsmyndighetene vegrar seg mot denne løysinga.
Vi meiner derimot at dette ikkje er meir problematisk no enn det var då dei utførte tilsvarande arbeide i 2006.

Det er viktig å skjønna omfanget av tiltaket. **Det er over ei strekje på omlag 500m at vassleidningen ligg oppå elvebotnen og er meir eller mindre synleg.**
Der det var mulig vart det mudra ut, medan det **to stader** var nødvendig å sprenga i elvebotnen. Her vart det ikkje sprengd djupt nok og vassleidningen er særleg på desse to stadene godt synleg.

OED viser no til NVE si vurdering: "at brua over vassdraget i alle tilfeller sette begrensningar for hvor mye masse som kan tas ut"

Dette meiner vi er feil og mangelfull framstilling av dei faktiske tilhøva.

Det er to grunnar til dette:

1. Sør og oppstrøms i elva, i ein lengde på ca 80 meter, ligg vassleidningen inntil 50 cm for høgt i høve arbeidsteikningane. Det er her berre 50 cm frå vassflata og ned på røret. **Her er det ikkje bru eller noko anna som skulle vera i vegen for å sprenga djupt nok.** (sjå vedlegg 4 og 5 med arbeidsteikningar og bilete i tidligare brev)

2. Brua det er snakk om ligg ca 100 m nedstrøms denne staden. Her ligg vassleidningen, i ein lengde på ca. 50 meter, inntil 20 cm for høgt i høve arbeidsteikningane. Dette er ei gamla bru som krevde varsemd. **Derfor vart det utført eit betydeleg arbeide med å sikre brua før dei gjekk i gang med utsprenging av elvebotnen.** Nedboring av jern i grunnen og påstøping av kraftig såle skulle hindra at bru-kara rasa ut under sprengingsarbeidet. Elvebotnen vart deretter senka vel ein meter på denne staden utan at brua tok skade. Dette er ei varig sikring som ikkje er fjerna på nokon måte.

Desse tilhøva har vi fleire gonger gjort NVE og OED merksame på og vi synst det er rart at dette argumentet fortsatt vert nytta. Vi synst og det er rart at vassdragsmynde utelukkar nedgraving utan å krevje vidare utgreiing.

I Departementet sitt brev av 15. august 2008 står det. *"Departementet finn at vilkåret om nedgraving av vassleidningen er satt for å sikre at røret ikkje vert synleg. Det er moegeleg at føremålet med nedgravinga i nokon grad kunne ivareta ved ei nedsenking av vassleidningen. Med bakgrunn i den klare føresetnaden i vilkåra om at leidningen skal sprengast/gravast ned i elvelaupet, finn departementet likevel ikkje å kunne tolke løyvet slik at ei nedsenking under vatn oppfyller vilkåra i løyvet på dette punktet."*

Det var tydeleg at OED den gang meinte at konsesjonen ikkje var følgd, og dei ba NVE finna ei løysing innanfor løyvet. Det vart presisert at: *"(....) ytterligere tiltak ikkje må føre til andre monalege skader eller ulemper i vassdraget"*

Vi meiner det ikkje kan gje nokon ulemper eller skader for vassdraget å grava vassleidningen ytterlegare ned. Dette vil derimot vera positiv for for vassgjennomstrauming og for ålmenta.

To år etter har OED endra oppfatning og hevdar at konsesjonen er følgd. I brev 19/1 2010 meiner OED at *"Forutsetningen om at vannledningen ikkje skulle vere synlig må annses oppfylt ved at vannledningen ligger under vannspeilet i tilstrekkelig grad"*

Vi kan ikkje sjå at vassleidningen ligg under vasspegelen i tilsrækkeleg grad, ettersom den er godt synleg og til hinder for ålmenta. Hadde det vore meininga at leidningen berre skulle leggast oppå elvebotnen, så hadde det vore unødvendig å presisera i konsesjonen at vassledningen skulle gravast/sprengast ned så den ikkje vart synleg.

Det var elles aldrig snakk om noko anna enn at denne vassleidningen skulle skjulast under elvebotnen.

- Dette sa leiinga ved smoltanlegget i forkant av arbeidet på fleire folkemøter.
- Dette presiserte leiinga ved smoltanlegget i brev overfor NVE
- Dette vart teke med i Professor Ernst Noretvedt sin rapport på oppdrag av smoltanlegget.
- Dette viser smoltalegget sine arbeidsteikningar som var levert til kommunen i 2004.
- Dette ba Meland kommunestyre om og det vart teke med som eit vilkår i konsesjonen.

Vi meiner at dette arbeidet må takast att slik at vassleidningen vert liggande slik konsesjonen seier. Vi kan ikkje sjå at vassdragsmyndighetene har gode nok argument mot å grava vassleidningen ned. Det vil ikkje gje ulemper for vassdraget, men derimot vere positiv for vassføring og flaumsituasjonen, samt betre tilgjenge for ålmenta.

For Midtre Holsnøy Grunneigarlag



Bjarte J. Skintveit
Leiar

Vi viser elles til våre tidlegare brev i saka, samt tidlegare innsende vedlegg.